

DELEGASJONSREGLEMENT FOR ÅL KYRKJELEGE FELLESRÅD

JUSTERT OG VEDTEKE 11. DESEMBER 2015

§1. Bakgrunn og mandat.

Lov om den norske kyrkja (kyrkjelova) §13 gjev fellesrådet løyve til å delegere mynde innanfor sakleg avgrensa område.

I samsvar med §10.2 i Kyrkjerådets "Reglar om formene for verksemda til soknerådet og fellesrådet", fastset fellesrådet i eige reglement kva mynde som er lagt til mellom anna dagleg leiar/kyrkjeverje.

Fellesrådet sitt arbeid er offentleg verksemd og er difor underlagt innhaldet i t.d. Forvaltningslova og Offentlegheitslova.

§2. Generelt om utøving av delegert mynde.

- 2.1. Kyrkjeleg fellesråd gjev kyrkjeverja fullmakt til å utøve den daglege forvaltninga samt å leie fellesrådet si verksemd i samsvar med gjeldande lovverk, vedtekne planar og budsjett. Kyrkjeverja har fullmakt til å ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell art.
- 2.2. Prinsippsaker og saker som er særleg viktige skal leggjast fram for fellesrådet til vedtak. Dersom alle partar er samde om at saka skal avgjera før fellesrådet kan samlast til møte, kan kyrkjeverja i samråd med leiar av fellesrådet og presten (arbeidsutval) ta avgjerd i saka. Saka skal då refererast i fellesrådet på neste møte.
- 2.3. All utøving av mynde skjer på vegne av fellesrådet og er fellesrådets ansvar. Mynde skal utøvast i samsvar med gjeldande lover og reglar, samt retningsliner gitt av fellesrådet.
- 2.4. All utøving av mynde kan til ei kvar tid trekkjast attende slik at delegerande organ kan ta avgjersle i saka. Fellesrådet kan også overprøve og gjere om vedtak gjort av kyrkjeverja, jfr. forvaltn.lova § 35.
- 2.5. Mynde delegert til kyrkjeverja kan delegerast vidare så langt det er tillate og ikkje anna er vedteke. Er kyrkjeverja ugild, jfr. forvaltn.lova § 6, skal myndet utøvast av leiar i fellesrådet.
- 2.6. Kyrkjeverja utøver det delegerte ansvarsområdet innanfor retningslinene som overordna instans har sett for økonomiforvaltninga og verksemda elles. Det er kyrkjeverja sitt ansvar at vedtak og forvaltning vert gjort i samsvar med rett heimel.
- 2.7. Kyrkjeverja har det daglege ansvaret og utøver det mynde som er lagt til fellesrådet i Kyrkjelova og gravferdslova. Enkeltvedtak som er gjort av kyrkjeverja kan påklagast til fellesrådet.
- 2.8. Kyrkjeverja skal ha eit nært samarbeid med prestane i fellesrådsområdet. Særleg gjeld dette når forvaltninga drøfter saker som vedkjem prestane sitt tilsynsansvar.

§3. Kyrkjegardsforvaltninga.

Kyrkjeeverja utfører kyrkjegardsforvaltninga på vegne av fellesrådet (delegert mynde) etter fyljande lovbestemmelser:

Gravferdslova

- §6kirkelig fellesråd kan gi tillatelse til at også personer uten bopel i kommunen gravlegges på kirkegård i kommunen.
- §7. Kirkelig fellesråd tilviser og gir tillatelse til åpning av grav på kirkegård. Avdødes legeme eller aske kan etter gravlegging ikke flyttes uten tillatelse fra kirkelig fellesråd. Tillatelse kan bare gis dersom sterke grunner taler for flytting og det er fastsatt hvor ny gravlegging skal finne sted. Kirkelig fellesråd kan sette vilkår for slik flytting.
- §13.Kirkelig fellesråd kan forlenge fristen i §10, tredje ledd og §12 dersom det foreligger tungtveiende grunner for det. Fellesrådets avgjørelse kan ikke påklages.
- §14. Kirkelig fellesråd kan inngå avtale om feste av grav etter nærmere regler og vilkår fastsatt i kirkegårdens vedtekter..... Kirkelig fellesråd skal utstede festebrev og anmerke dette i gravregisteret.
- §16. ...Et feste kan ikke overføres uten samtykke frå kirkelig fellesråd, og det kan ikke overføres mot noe form for vederlag. Når festeren dør, skal dødsboet gi kirkelig fellesråd melding om hvem festet ønskes overført til. Ved uenighet treffer fellesrådet avgjørelse.
- §17. Kirkelig fellesråd har rett til å treffe de tiltak vedrørende en festet grav som er nødvendig for å forebygge skade, eller som følger av gjeldende bestemmelser.
- §23. Den som har forvaltningsansvar for gravlegging i kommunen, innbyr minst en gang i året de tros- og livssynssamfunn som er virksomme på stedet, til et møte for å drøfte hvordan tros- og livssynssamfunnenes behov ved gravferd kan ivaretas. Møtet kan avholdes som et felles møte for flere kommuner.

Forskriftene til gravferdsloven.

- §12. Kirkelig fellesråd fastsetter tidspunkt for gravferd.
- §25. Kirkelig fellesråd skal godkjenne gravminne og fundament før det settes opp på kirkegården.
- §26.Når fellesrådet finner det nødvendig, skal eieren varsles med pålegg om å bringe gravminnet i overensstemmelse med de krav som er stilt i forskrift og vedtekter. Dersom eieren unnlater å etterkomme slikt pålegg eller det er uvisst hvor eieren befinner seg, kan fellesrådet sette i verk de tiltak som er nødvendig for å bringe gravminnet i orden, herunder fjerne gravminnet.